



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavdeling  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1913 - 14/6587

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

[lillian.s.brakstad@meland.kommune.no](mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no)

Dato:

05.05.2014

## Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 50-meters beltet mot sjø for oppføring av sjøbu på eksisterande terasse på Vikebø, gbnr 45/126 .

Det vert vist til søknad motteke 28.04.2014 frå Roger Haugland og Ragnhild Oterholm om dispensasjon for frå forbod mot tiltak i 50-meters beltet mot sjø for oppføring av sjøbu på eksisterande terasse på Vikebø, gnr 45 bnr 126.

### Plangrunnlag

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til bustadområde med krav om regulering.

### Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv motteke 28.04.2014 søkt om dispensasjon frå frå forbod mot tiltak i 50-metersbeltet mot sjø, sjå vedlegg.

Søknaden gjeld dispensasjon for oppføring av sjøbu på eksisterande terasse.

### Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 15.03.2014.

### Kommuneplanen og lovgrunnlag.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen og innanfor 100-metersbeltet mot strandsone skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve, eller til andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Administrasjonen vurderer søknad om dispensasjon til også å omfatte dispensasjon frå plankrav. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i høve til kommuneplanen eller eksisterande bruk av strandsona.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon i 100 m belte - Oppføring av sjøbu på eksisterande terrasse  
nabovarsel  
45-126 1\_1000  
45-126 1\_3000

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavdeling	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN